



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Ingunn Elise Myklebust

Dykkar ref

Vår ref
10/399-2 OEL

Dato
15. februar 2010

**SPØRSMÅL OM SØKNADSPLIKT FOR MORINGAR ETTER NY
PLAN- OG BYGNINGSLOV**

Departementet viser til e-post mottatt 01.02.2010.

I e-posten spør De om det er søknadsplikt for oppføring av moringar etter den nye plan- og bygningslova og om det finnst reglar og praksis for dette. I den samanhengen vert det bede om ei avklaring om det er nokon skilnad mellom moring til oppankring av fritidsbåt og moringar til oppankring av større båtar.

Spørsmålet om søknadsplikt for moringar etter nojeldande lov av 1985 (pbl.85) har blitt drøfta av Kommunal- og regionaldepartementet i tolkingsuttale av 26.11.2008, jf. vedlegg 1. Spørsmålet blei også lagt fram for Miljøverndepartementet, sidan oppføring av moringar også kan reise spørsmål om dei er lovlege i forhold til plan, sjå vedlegg 2.

Departementet uttalte mellom anna følgjande i brev datert 26.11.2008:

En moring kan som regel beskrives som en bit betong, eventuelt en større stein, påfestet en flytebøye ved hjelp av kjetting eller wire. Formålet med å legge ut en moring er å fortøye en båt, i de fleste tilfeller fritidsbåter. Etter vår mening må plassering av en enkelt moring til bruk for fritidsbåt falle utenfor de forhold som skal behandles etter plan- og bygningslovens regler om søknad mv., da de verken oppfyller kravene til "konstruksjon eller anlegg" i § 84, eller kan defineres som et tiltak etter § 93. Moringer er vanligvis å anse som permanente, slik at de ikke faller inn under bestemmelsen om midlertidige tiltak i § 85. Vi viser også til rundskriv H 09-05, "Båt på land, hus på vann", hvor det er påpekt at tiltakets plassering og forankring til land må være av varig karakter for å kunne omfattes av § 85.

Etter Kommunal- og regionaldepartementets mening må bruken legges til grunn når tiltaket i seg

Postadresse:
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon *
22 24 90 90 / 22 24 71 01
Org. nr.:
972 417 858

Bustad- og
bygnadsavdelinga
Telefaks:
22 24 27 36

Saksbehandlar:
Øyvind Lahn

selv ikke oppfyller kravene til melding eller søknadsplikt. Vi mener at andre fysiske tiltak som etter sin bruk vanskeliggjør gjennomføring av plan, ikke automatisk kan sammenlignes med tiltak etter § 85. Disse bør behandles som et eget forhold etter plan. Retten til å fortøye egen båt på egen grunn, bør etter vår mening, gå lenger enn friluftslovens bestemmelser. Dersom kommunen ønsker å føre kontroll med plassering av moringer, bør slike begrensninger hjemles i plan. I tilfeller der moringen (indirekte), gjennom fortøying av båter, vil kunne vanskeliggjøre gjennomføring av plan, kan kommunen kunne kreve moringene fjernet med hjemmel i lovens sanksjonsbestemmelser. Dersom kommunen ønsker å føre kontroll med plassering av moringer, bør slike begrensninger hjemles på en tydelig måte i plan.”

Departementet vil peike på at det i siste setning i første avsnitt over skulle vore vist til § 93.

Søknadsplikta i ny lov følger av § 20-1. Første ledd i paragrafen er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande lov § 93, men slik at meldepliktige tiltak er omfatta av den. Gjeldande lov § 93 om søknadsplikt og §§ 81, 85 og 86a og 86 b om meldepliktige tiltak er altså no samla i ein paragraf.

Slik departementet ser det, er oppføring av moringar ikkje søknadspliktige tiltak etter den nye plan- og bygningslova. Dette må i utgangspunktet gjelde uavhengig av storleiken.

Departementet peikar vidare på at tiltaksomgrepet i ny plan- og bygningslov § 1-6 er vidare enn tiltaksomgrepet i kapittel 20 i lova. I § 1-6 første ledd andre punktum omtalast også ”*annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssoner*”. Med dette meinast andre typar tiltak enn dei som er omfatta av søknadssystemet i lova, slik at dei verken fell inn under reglane i §§ 20-1 og 20-2 eller unntaka frå søknadsplikt i §§ 20-3 og 20-4.

Departementet gjer merksam på at sjølv om oppføring av moringar ikkje skal sjåast på som søknadspliktige tiltak, kan moringar etter forholda vere ulovlege dersom dei er i strid med gjeldande plan eller omsynssonar, jf. ovanfor.

Med helsing

Ole Molnes e.f.
avdelingsdirektør

Øyvind Lahn
rådgiver